

KORLEIS FÅ MEIR AVFALL TIL MATERIALGJENVINNING?

Strategien ÅRIM har ute til høyring møter lokalt, nasjonalt og internasjonalt mål om å auke materialgjenvinning av avfall innan 2020.

Lokalt mål:

“...andelen av avfallet som blir sortert til materialgjenvinning skal økes til 50% i 2020”.

Ålesund kommune sitt mål om materialgjenvinning i kommunedelplanen, samfunnsdelen, vedteke 28.01 2016:

Ålesund kommune sitt mål om auka materialgjenvinning samsvarer med målet Noreg og EU skal nå innan 2020. Kommunane i Ålesundregionen sendte 31% til materialgjenvinning i 2015, og ligg eit godt stykke bak resten av landet. Regionen må ta grep om avfallsbehandlinga for å nå mål om 50% materialgjenvinning.

I dag leverer ÅRIM restavfallet (vanleg boss) til forbrenning. Avfall som blir brent kjem til nytte gjennom å varme opp bygg i Ålesund. ÅRIM planlegg no å la delar av restavfallet, altså matavfallet, gå til materialgjenvinning for å utnytte ressursane i avfallet fleire gonger. Øvrig restavfall skal framleis til forbrenning.



Kretsløp gir ressursane frå avfallet tilbake til naturen og økonomien



MATAVFALL TIL BIOGASS

- Ressursane i avfallet går i kretsløp fleire gonger
- Biodrivstoff erstattar fossil diesel - nullutslepp av CO₂
- bevarer fosfor, ein ressurs vi er avhengige av.

MATAVFALL TIL FORBRENNING

- Ressursane i avfallet blir brukta berre ein gong
- Erstattar energi frå vasskraft
- Fosfor går tapt ved forbrenning

Biogass blir brukt i bussar.

Når avfall og gjødsel rotnar blir gassen metan utvikla. Gassen blir brukta som drivstoff til køyretøy. Til dømes i bussar og renovasjonsbilar i Oslo, Hedmark og Fredrikstad.

Miljønytte:

- Redusere landbruket sine utslepp av metan
- Erstatte fossilt drivstoff i transportsektoren.
- Biogass er klimanøytral.

Biogjødsel gir fosfor tilbake til jorda.

Bioresten gir gjødsel som går tilbake til landbruket. Biomassa er stabilisert og hygienisert, og er eit fullverdig gjødsel godkjent av Mattilsynet.

Miljønytte:

- Erstatte kunstgjødsel
- Føre fosfor, ein begrensa ressurs, tilbake til jorda.

Ressursutnytting ved forbrenning og ved biogass:



FORBRENNING



- Oppvarming av 140-210 boligar



5000 tonn matavfall fra ÅRIM per år



BIOGASS




- Biogass til ÅRIM sine bilar i 1,5-2 år



- Fosfor tilbake til 1 800 mål dyrka jord.
- Nitrogen tilbake til 1 000 mål dyrka jord.
- Dette gir næring til ein million brød.

Energiverdien til drivstoffet til renovasjonsbilane tilsvarer oppvarming av 240 hus.



Kjelde: NTNU

Kva betyr avfallsstrategien i praksis for folk?

Fire dunkar

Folk får til saman fire dunkar; restavfall, matavfall, papir og glas og metall. Plast blir henta i sekk, som før.

Nye henteruter

Med meir kjeldesortering blir restavfalls mengda svært lita. Restavfall blir henta kvar andre veke i starten, matavfall annankvar veke, papir og plast kvar fjerde veke, glas og metall kvar åttande veke. Renovasjonsbilane vil ikkje nødvendigvis køyre meir, men få andre frekvensar.



ÅRIM har sendt avfallsstrategi ut til høyring.

Målet med strategien er å få meir ressursar ut av avfallet, skape mindre miljøbelastning, og at desse endringane skal gjennomførast til ein fornuftig kostnad. Strategien har tiltak som får innverknad for korleis folk skal handtere avfallet sitt i det daglege.

ÅRIM oppfordrar kommunar, privatpersonar og andre til å kome med innspel til strategien. Høyringsfristen er 20 februar. Send uttale via arim.no eller til post@arim.no

Avfall i tettbygd strøk

Meir sortering gir behov for tilpassingar i tettbygde område. Folk kan samarbeide om større dunkar, det kan også bli aktuelt med nedgravde løysingar. Her vil ÅRIM samarbeide med dei det gjeld og kome med forslag og god rettleiing.

Tilpassingar for folk i spesielle situasjonar

Folk som har store avfalls mengder i periodar av livet kan justere abonnementet sitt. Institusjonar eller andre som har spesielle typar avfall, kan ta kontakt med ÅRIM for å kome fram til praktiske løysingar.

Nytt tilbod! Nytt tilbod!

Henta kvar andre veke Henta seks gongar i året Henta kvar andre veke

Henta kvar fjerde veke Henta kvar fjerde veke Henta kvar veke

Henta kvar fjerde veke Henta kvar fjerde veke Henta kvar fjerde veke

Henta kvar fjerde veke Henta kvar fjerde veke Henta kvar fjerde veke

Henta kvar fjerde veke Henta kvar fjerde veke Henta kvar fjerde veke

Henta kvar fjerde veke Henta kvar fjerde veke Henta kvar fjerde veke

Henta kvar fjerde veke Henta kvar fjerde veke Henta kvar fjerde veke

Henta kvar fjerde veke Henta kvar fjerde veke Henta kvar fjerde veke

Henta kvar fjerde veke Henta kvar fjerde veke Henta kvar fjerde veke

Henta kvar fjerde veke Henta kvar fjerde veke Henta kvar fjerde veke

Representantskapet i ÅRIM

Alle kommunar har ein representant i representantskapet, bortsett frå Ålesund som har fem. Det er representantskapet som no har sendt strategi ut til høyring. Bruk kommunen sine representantar om du vil påvirke utviklinga av framtidig avfallsløysinga.

Ønskjer du meir informasjon?

Ta gjerne kontakt med ÅRIM for å diskutere innhaldet i strategien. Selskapet møter gjerne til kommune-styremøte, møter i kommuneadministrasjonen eller til andre fora.